



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda pr epost

Dykkar ref:

Vår ref.:
2012/68

Arkivnr.:
433.52

Dato:
12.09.2012

Protokoll frå møte i rovviltnemnda region 1, 30. august 2012

Rovviltnemnda møtte i Sogndal 30.08.2012. Desse møtte: Noralv Distad, Oddny Omdal, Sveinung Stensland, Sveinung Valle og Marit Barsnes Krogsæter. Frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa. Vedtak i sakene 12/12 (kvotefri jakt på gaupe) og 13/12 (lisensfelling av jerv og ulv) er sendt ut tidlegare.

Saksframlegget frå sekretariatet er lagt ved innkalling til møte, dagsett 17.08.2012.

Før ordinært møte hadde mellom anna Marit Flatjord frå Sogn og Fjordane bondelag og Arne Rebni Øvreås frå Skjolden beitelag innlegg. Flatjord nytta høvet til å peike på dei viktigste synspunkta på behovet for revisjon av forvaltingsplanen, jf brev dagsett 31.07.2012. Øvreås fokuserte på jervbestanden i nærområda til Sogn, og argumenterte for ei lisensfellingsskvote på til saman 6 jervar i heile regionen.

Bondelaget argumenterte vidare for å ikkje sette vilkår om DNA-analyse før vedtak om lisensfelling på ulv på Agder. Næringa la vidare vekt på betydninga av å arbeide for buffersone mot både jerv og gaupe i Oppland.

Sak 11/12: Status for tap av beitedyr og førekomst av freda rovvilt mot slutten av beitesesongen.

Rein Arne Golf frå SNO orienterte om overvakingssystemet og først og framst rovviltsituasjonen i Hordaland og Sogn og Fjordane. Så langt i år (pr 10.09.2012) er det ikkje lagt inn skade frå jerv i region 1 i Rovbase. Til saman 40 kadaver av sau og lam er dokumentert/antatt tapt til ulv i Vest-Agder, dei siste frå Audnedal kommune. I tillegg til denne ulven er det ein ulv som opererer i grenseområda til Aust-Agder, sist i Evje og Hornnes kommune. I Telemark er det ytterligare ein ulv, sist dokumentert gjennom tap av sau i Notodden kommune midt i august.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavingdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Sak 14/12: Dialogen med næringsorganisasjonene om forvaltingsplanen. Representantar frå næringsorganisasjonene inviterast til dialog om innspel til forvaltingsplanen, dagsett 31.07.2012

Bondelaget og andre næringsorganisasjonar fekk høve til utdjupe synspunkt på behov for endringar i forvaltingsplan. Organisasjonane gav elles uttrykk for at dialogen med nemnda er god.

Sak 15/12: Oppstart av arbeid med revisjon av forvaltingsplanen for region 1

Grovskisse for behov for oppdatering blei tatt til orientering. Nemnda gav ikkje føringar for det vidare arbeidet, men oppfordra til å sjå om det er grunnlag for å korte inn lengda. Oddny Omdal ønska å kunne identifisere innspel frå organisasjonane i framlegget. Sekretariatet tar sikte på å ha klår ein versjon til handsaming på møtet i januar. Nemnda sin plan er å ha ferdig revidert plan før ny beitesesong 2013, det vil seie på møtet i mai.

Sak 16/12: Revisjon av budsjett for 2012

Nemnda vedtok på møtet i mars å revidere budsjettet til FKT mot slutten av beitesesongen. Årsaka til det var knappe ressursar og uføreseielege behov til akutte tiltak i beitesesongen. Sekretariatet la fram denne tabellen på møtet:

	FKT-type	Budsjett	Ubrukt 29.08	Avsett	Rest 29.08
Vest-Agder	FKT	92 000	0	0	0
Hordaland	FKT	50 000	10 000	0	10 000
Sogn og Fjordane	FKT	400 000	100 000	0	100 000
Rogaland	FKT	100 000	50 000	0	50 000
	Kongeørn	238 000	238 000	215 000	23 000
	Drift nemnda	120 000	72 000	30 000	42 000

Fylkesmannen i Vest-Agder har hatt store utgifter til det interkommunale skadefellingslaget i sommar, knytt til fellingsløyva på ulv, som det ikkje er dekning for på FKT-budsjettet, 1427.73. Dei har allerereie fått lovnad om kr 64 000 ekstra frå andre delar av regionen. Brev av 07.08.2012 syner rekneskapen for bruk av FKT-midlar på Vest-Agder så langt: kr 153 000 er brukt så langt, og i tillegg reisekostnadar for til saman 494 timar. Det er ikkje antyda kor mykje som trengs utover det.

I vedtaket frå mars står det at ei eventuell omdisponering skal vurderast i høve til eksisterande søknadar om FKT-tiltak. Nemnda vurderer likevel behovet for finansiering av skadefellingslaget i Vest-Agder som mest prekært, og vil prioritere dette.

Sekretariatet foreslo å overføre kr 130 000 til Fylkesmannen i Vest-Agder frå regionen sitt FKT-budsjett. Sogn og Fjordane sitt budsjett blir redusert med kr 50 000, og Rogaland sitt budsjett med kr 80 000.

Direktoratet for naturforvaltning har gitt beskjed om at eventuell omfordeling av budsjett innafør regionane må gå om dei.

Vedtak

Rovviltnemnda ber DN om refordeling av kap 1427.73 i region 1. Fylkesmannen i Vest-Agder skal tildelast ytterligere kr 130 000. Tilsvarende skal Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si tildeling reduserast med kr 50 000, og Fylkesmannen i Rogaland si tildeling reduserast med kr 80 000.

Sak 17/12: Orienteringssakar og ymse

-Neste møte er fastsett til 15. januar. Tema blir i hovudsak forvaltingsplanen. Dessutan fastsetting av møtedatoar for 2013.

-Oddny har vore på møte om røyntslene med ei avgrensa forvaltingszone for ulv, jf oppfølging av rovviltforliket.

-Fylkesmannen i Vest-Agder har forlenga skadefelling på ulv, denne gongen utvida til å gjelde 2 individ i heile fylket fram til ut september månad. Fylkesmannen i Aust-Agder har gitt løyve til skadefelling av 1 ulv i Evje og Hornnes, Åmli, Froland og Bygland kommunar, gjeldande ut august månad.

-DN har i brev 01.06.2012 gitt betinga fellingsløyve på gaupe, bjørn og jerv til ulike regionar. Brevet gjeld ikkje region 1 direkte.

-Kongeørnprosjektet: Det manglar noko innlegging av reirdata for Sogn og Fjordane i Rovbase. Nemnda og fylkesmennene blir oppmoda til å gå gjennom forslag til sluttrapport frå Ambio as og sende synspunkt til sekretariatet så snart som råd, dersom det er merknadar.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Kopi til:

pr epost:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Vest-Agder
Fylkesmannen i Hordaland
Direktoratet for Naturforvaltning
Sogn og Fjordane bondelag
SNO, v/Rein Arne Golf
SNO v/Jon Erling Skåtan
Mattilsynet, regionkontoret Hordaland og Sogn og Fjordane
Mattilsynet, regionkontoret Agder og Rogaland